



Redaksjonsutvalet drøftar produktet. Frå høgre Tore Mathisen, Ola Matti Mathisen, Kristian Bringedal, Tor Inge Døssland, Anita Enæs og Hans Ordin Østebø

I meir enn 8 år har den nettavisa du no les vore uendra med omsyn til bunad og teknisk opplegg. Difor fann redaksjonsutvalet at det var på høg tid med oppfrisking og no presenterar vi resultatet.

Det er ikkje noko dramatisk som er skjedd med uskedalen.no. Den mest synbare endringa er at blikkfanget no er eit fantastisk panoramabilete teke frå Skorpo mot den bygda vi alle er så glad i. Ellers opnar vi for fleire bilete frå lesarane og innfører ei notis-spalte.

Den vil ikkje minst dei som skal arrangera noko ha nytte av. Vi håpar at både lag og einskildpersonar vil verta flinkare til å nytta dette organet.

I ei mangfaldig og stadig meir innfløkt medieverd vil nettaviser for eit mindre område få ein stadig viktigare funksjon. Dei trengs for at ei bygd eller ein kommune skal ha eit effektivt talerøyr utad og verta høyrd. Men kanskje er dei enda viktigare for å halda eit lokalsamfunn saman og byggja bru over eventuelle motsetningar.

Hjelp oss med å gjera uskedalen.no til ei betre avis som stadig fleire les!

Ola Matti Mathisen, redaktør